

Helse Bergen HF

postmottak@helse-bergen.no

Knarvik, 9. august 2018

Innspel/høyringsfråsegn til Prehospital plan 2018 - 2035 Helse Bergen HF

Regionrådet i Nordhordland, bestående av ordførarane og rådmennene i dei ni medlemskommunane, har vurdert invitasjonen til å komma med innspel til Prehospital plan for Helse Bergen HF, og vil på vegne av kommunane i Region Nordhordland komma med nokre felles innspel til planutkastet.

Fleire av kommunane har kvar for seg sendt inn uttale til planen. Kommunane har i stor grad komme med innspel som er knytt til lokale problemstillingar, men også til punkt i planen som er av meir generell art og knytt til forståing av lov og forskrift som regulerer ansvars- og oppgåvedelinga i den akuttmedisinske kjeda.

Regionrådet støttar høyringsfråsegna frå kvar av kommunane i Nordhordland, men vil likevel trekkja fram nokre punkt i planen som kan få innverknad på kommunale tenester, påføra kommunane meirkostnader og påverka den heilskaplege beredskapen i Nordhordlandskommunane.

Regionrådet i Nordhordland vil særleg trekkja fram kommunane sine innspel når det gjeld:

– **Lokalisering av ambulansar - utrykkings- og responstid.**

Regionrådet er positiv til at ambulansen framleis skal vera stasjonert i Austrheim. Dette er ei sentral lokalisering for store område i nordre delen av Nordhordland. Samtidig støttar ein Gulen og Masfjorden sine innspel og bekymring med at det på dagtid er ein ambulanse stasjonert i Gulen, og at når denne vert nytta til pasienttransport til og frå sjukehus, så er dei i praksis utan ambulanse i denne delen av regionen. Regionrådet vil derfor peika på at det er viktig med god flåtestyring av ambulansane i regionen, og at dette blir drøfta i Helse Bergen og får ein plass i Prehospital plan. Når det gjeld flytting av ambulansen på Osterøy, så føreset me ei vidareføring av dialogen som er mellom Osterøy kommune og Helse Bergen, slik at me får ei tenleg og framtidsretta lokalisering av ambulansetenesta.

– **Akutthjelparordninga**

I planen er det lagt til grunn at kommunane har etablert ein akutthjelparfunksjon som skal inngå i den prehospitala kjeda. Kommunane har komme med fleire innspel og spørsmål til ordninga og Regionrådet vil understreka at ved å ta inn ei ordning/funksjon i planen som ikkje er tydeleg definert i lov og/eller forskrift, kan bidra til skapa uklåre ansvarstilhøve. Juridisk ansvar, kompetansekrav, oppgåvedeling og økonomiske rammer må utgreiast, konkretiserast og avtalast før akutthjelparfunksjonen kan vera ein del av dei prehospitala tenestene. Regionrådet stiller spørsmål ved om løysingane som er skildra i planen vil gje ei tilfredsstillande akuttmedisinsk teneste til innbyggjarane og er uroa for dei økonomiske konsekvensane dette vil påføra kommunane.

– **Involvering av relevante samarbeidspartar og fagmiljø i planarbeidet.**

Det er meldt at det på grunn av stramme tidsrammer har vert utfordrande for kommunane sine representantar i styrings- og arbeidsgruppe å sikra naudsynt involvering og interne prosessar i kommunane.

– **Kompetanse, samtrening og rettleiing**

Spesialisthelsetenesta har eit særleg ansvar for å rettleia kommunane når det gjeld akuttmedisin utanfor sjukehus. Regionrådet støttar kommunane sine bekymringar om mangel på plan for korleis og i kva omfang helseføretaket planlegg å bidra til samøving med sentrale aktørar i kommunane og plan for naudsynt rettleiing til desse. Samøving mellom Helse Bergen, kommunane, politiet og andre som sivilforsvar, forsvar, frivillige organisasjonar og industri i føretaksområdet er eit av tiltaka som bør takast inn i planen.

Regionrådet i Nordhordland viser til kapittel 2.3 Samhandling og oppgåvedeling, Akutthjelparordning, s. 21 der det er vist til at « (...)har rådmennene i heile Nordhordland skrevet under på at akutthjelparordninga skal vere ein del av brannvernet og kallas ut via brannalarm.»

Det blir i planen ikkje vist til kva dokument dette er henta frå, og det er usikkert kva denne formuleringa referer til. Regionrådet i Nordhordland ber om at denne uttalen blir tatt ut av dokumentet.

Regionrådet i Nordhordland er positiv til at det er sett fokus på samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetenesta om Prehospitale tenester og at dette blir tatt inn i helseføretaket sitt planverk, men ser samtidig at det er utfordrande å sikra god nok involvering frå alle partar, sikra samarbeid og tydeleggjering av ansvar, oppgåver og finansieringa når kommunane får ansvar for nye oppgåver.

Regionrådet i Nordhordland vil støtta opp om arbeidet og bidra til at kommunar og helseføretak har eit godt samarbeid for å sikra innbyggjarane sin tryggleik og at dei får rask og kompetent hjelp når dei treng det.

Med venleg helsing



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utvikingsselskap IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland

Sakshandsamar: Anne Hildegunn Færøy